

Søknad om tilskot til Klima- og miljøtiltak for 2014

Send søknaden i posten til : Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, PB 7900, 5020 Bergen,

Eller send elektronisk søknad til: sentralarkivet@hfk.no.

Ver venleg å merke søknaden med: "Lokale tiltak – 2014" eller "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/10847"

Søknadsfrist: 1.4.2014

Sjå www.hordaland.no/miljo for meir informasjon.

Namn på tiltaket/prosjektet Prosjekt ENØK 2 – Halsnøy samfunnshus	
Namn på søker Halsnøy Samfunnshus SA	Organisasjonsnummer 930791822
Adresse Sæbøvikvegen	Postnummer og Poststad 5454 Sæbøvik
Kontaktperson Arild Landa	Telefon 93087930
E-post Arild.landa@nina.no	Kontonummer 3540 08 10751
Totalkostnad (Trinn 2) 75000	Søknadssum 60.000
Målet med prosjektet Redusert straumforbruk.	
Kvar skal prosjektet skal gjennomførast ? Halsnøy samfunnshus	
Samarbeidspartnarar –korleis tar dei del i prosjektet? Frivillig arbeidsinnsats -	
Tar kommunen del i prosjektet? Evt. korleis? Nei	
Korleis bidrar tiltaket/prosjektet til betra miljø/berekraftig utvikling? Halsnøy samfunnshus SA er ein berande institusjon for heile Halsnøysamfunnet og fremjar mangfaldet innan sosiale aktivitetar som kultur, idrett, barneaktivitetar, friluftsliv mv. Via bubil-oppstillingsplass, tømestasjon, molo, kai-anlegg, WC og dusjanlegg er huset naturleg stoppestad for båt- og bubil-turistar og fremjar såleis også lokal næring. * Samfunnshuset har trong økonomi og lite eigne midlar. Å få på plass gode ENØK-tiltak vil vera eit vesentleg bidrag til å redusere driftsutgifter og såleis tryggja vidare drift. * Bidrag til ENØK-tiltak er eit vesentleg miljøtiltak. * Bidrag frå stiftingar og det offentlege er ei vesentleg kjelde til inspirasjon og vitalisering av dugnadsånd og friviljug innsats.	
Har de søkt midlar frå fylkeskommunen til dette tiltaket tidlegare? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Usikker	
Planlagt start 1.juni 2014	Planlagt slutt 1. august 2014

Skildring av prosjektet (maks ei halv side)

Halsnøy samfunnshus er vart etablert i ein nedlagd Bjellands sildefabrikk no 13, i Sæbøvik sentrum på byrjinga av 1980-talet. Eigedommen med uteareal er på om lag 3 daa og har kai og 80 meter strandline. Samfunnshuset har blitt ein dugnadsbasert kulturinstitusjon for 2500 fastbuande på Halsnøy. Huset «vårt» er ein samlingsstad med rom for møte, festar, kino- og teaterframvisningar, konsertar, kafé, bibliotek, studierom, folkebad/dusjanlegg, idrettslokale m.m..

Bygningsmasse og uteareal er kostnadskrevjande å driva og det er samla opp eit stort etterslep på naudsynleg vedlikehald. Det er heller ikkje midlar til å utføre større reparasjonar. Til dømes har skifertak over gamal «fabrikkel» mange lekkasjar og har akutt behov for nytt tett undertak. Hovudkai har fått skader/svikt i berande konstruksjonar og har difor vore avstengt for bruk dei siste to åra.

Den vanskelege økonomiske stoda til samfunnshuset er allment kjent i lokalsamfunnet og det er såleis mange foreiningar, private og næringsdrivande som engasjerer seg for å hjelpe samfunnshuset. Det er mellom anna skipa ein eigen velforeining for Halsnøy samfunnshus. Stort lokalt engasjement og eit aktivt styre gjev derfor von om å få utført turvande vedlikehald og reparasjonar.

Årlege utgifter til varmtvatn, varme og lys i Halsnøy samfunnshus er høge (150-175.000 kr årleg) og er såleis ein av dei største utgiftspostane til å driva samfunnshuset. Det vesentlege av forbruket er til oppvarming av ymse lokale og varmtvatn. Dagens oppvarming og opplegg for varmtvatn er frå 1980-talet og lite ENØK-venleg.

Me søkjer her stønad til innkjøp av 1 stk. varmepumpe (luft – luft) samt til delvis utskifting/omkopling av røyropplegg for varmtvatn og installere 2 stk. enøk beredarar i publikumsdusjar. Pr dato er det 3 stk. seriekoplade tankar a 1500 liter, kvar på 11 Kw som forsyner heile huset. Her vil vi kople om røyropplegget slik at berre ein av tankane er i drift.

Trinn 1 av prosjektet har allereie, med hjelp av finansiering frå Sparebank1-stifinga, montert 4 stk. varmepumper (luft til luft) i kinosal og festlokale.

Vi vonar at Fylkeskommunen kan bidra til gjennomføring av trinn 2. Redusert stønad vil òg vera til hjelp.

Budsjett med finansieringsplan

Forventa kostnader:		Forventa inntekter:	
Dugnad 40t a 300	Kr 12.000	Dugnad 40t a 300	Kr 12.000
Innkjøp av 1 stk. varmepumpe og 2 stk enøk beredarar	Kr 30.000	Hordaland Fylkeskommune	Kr 60.000
Røyrdele	Kr 5.000	Eigne midlar	Kr 3.000
Røyrleggjar	Kr 20.000		
Uforusett	Kr 8.000		Kr
Sum kostnader	Kr 75.000	Sum inntekter	Kr 75.000

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskottet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2015. Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ventast at han ikkje vert handsama.

Kontaktperson:

Kjetil Sigvaldsen, Kjetil.sigvaldsen@hfk.no, tlf. 55 37 80 11.